

Konfirmant




2022 - 2023

Førde
Haukedalen
Holsen
kyrkjer



Ei viktig tid – eit viktig val!

Det er berre eit
år til ein
høgtideleg dag
i livet ditt.



Neste år kan du feire din konfirmasjonsdag i kyrkja.
Velkomen som konfirmant i
Førde, Holsen eller Haukedalen kyrkje!

Konfirmanttida er ei tid for å tenkje nye tankar, få nye opplevingar og kanskje nye vener!

I konfirmanttida er det tid og rom for å tenkje og stille spørsmål.

Ei tid for å lære meir om Gud, om deg sjølv og om andre menneske.

KVA ER KONFIRMASJON?

Ordet konfirmasjon kan bety både «å stadfeste» og «å gjere sterk».

Konfirmasjonshandlinga er ei forbønshandling der vi ber Gud om å velsigne og styrkje kvar enkelt konfirmant. I konfirmasjonen stadfestar Gud løfta sine som han ga i dåpen.

Det viktigaste med konfirmanttida er å bli betre kjend med den kristne trua, der Gud seier ja til oss og vil vere ein del av livet vårt.

EI KONFIRMANTTID FOR ALLE

Alle har rett til ei god konfirmanttid uansett funksjonsevne. Dersom det trengst individuell tilrettelegging, ta det opp på konfirmantsamtalen, evt. ta kontakt med den konfirmantansvarlege, (sjå kontaktinfo på baksida) slik at vi kan finne dei gode løysingane for dykk.

EG ER IKKJE DØYPT – KAN EG KONFIRMERAST?

Du er velkomen til å delta i konfirmantopplegget sjølv om du ikkje er døypt. Dåpen er ein føresetnad for å delta i den avsluttande forbønsgudstenesta. Kwart år er det fleire konfirmantar som blir døypte.



Avtale



Kyrkjelyden ønskjer at konfirmanttida skal vere ei god og lærerik tid for alle konfirmantane, fylt med fine opplevingar, erfaringar og kunnskap til å ta med seg vidare i livet. For at tida skal bli best mogleg, avtalar vi på førehand kva vi kan vente av kvarandre.

Av konfirmantleiarane i kyrkjelyden kan de vente at:

- Vi bryr oss om konfirmantane.
- Vi gjer vårt beste for at konfirmanttida skal vere lærerik og minneverdig.
- Vi – saman med konfirmantane lagar god undervisning og flotte aktivitetar.
- Vi sender ut informasjon i god tid
- Vi svarar på e-post, telefon og sms.

Av konfirmantane ventar vi at:

- Du deltek på alle samlingar og aktivitetar, inkl. minst 8 gudstenester i løpet av konfirmanttida.
- Du møter presis til timane og tek med konfirmantbibelen

(som du får av oss) og skrivesaker.

- Foreldra melder frå når du er forhindra frå å kome, og du tek att fråvær med ekstratime eller oppgåveløysing.

Av dei føresette ventar vi at:

- De hjelper til med to foreldreoppgåver.
- De møter på foreldremøta.
- De sender skriftleg melding til konfirmantlæraren på førehand dersom konfirmanten er nøydd til å vere borte frå ein del av opplegget.
- De følgjer opp og støttar konfirmanten.

Gudstenestene som inngår i konfirmantopplegget, er opne for alle, og de er hjarteleg velkomne.

Felles for alle konfir- mantane



Konfirmantane følgjer skuleklassane på konfirmantsamlingane. Nokre av samlingane skjer rett etter skuletid, medan andre skjer seinare på kvelden og/eller helg.

I tillegg skal konfirmantane velje ei gruppe ut i frå interesse. Meir om dette under «konfirmantgrupper» side 6 og 7.

TUR TIL NESHOLMEN 17.-18. SEPTEMBER

Vi reiser til Nesholmen leirstad i Hyen. Vi deler konfirmantkullet i to, og har ein heil dag saman med kvar gruppe. Det vert aktivitetar inne og ute. (NB! Merk at dette ikkje er den same turen som Hausttreff. Sjå under «konfirmantgrupper»)

KONFIRMANTFESTIVAL 29. OKTOBER

Dette er eit nytt konsept for konfirmantane i Sunnfjord. Festivalen er eit dagsopplegg med formidling, cup, aktivitetar ute og inne og sceneshow. Alle konfirmantane i Sunnfjord regionen vert invitert. Frå Bergen kjem band med solistar frå St. Jakob kyrkja, og Thor Håvik som er prest i Salhus og er mest kjent for si deltaking på Farmen i 2020, vert med som talar.

SAMAN 4. MARS

Samantteamet frå konfirmantfestivalen kjem tilbake til oss i mars. Denne samlinga vert for Førde, Holsen og Haukedalen-konfirmantane. Her vert det mange kjekke aktivitetar. Meir informasjon kjem.

AKSJONSDAG 25. MARS

Konfirmantane møtes til ei samling på Førde Kyrkjetun. Her førebur vi fasteaksjonen.



FASTEAKSJONEN 28. MARS

Kvart år samlar konfirmantane i Førde, Holsen og Haukedalen inn pengar til Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon. I 2022 vart det samla inn om lag 172.000 kr. Dette er ein dag der alle konfirmantane, og mange foreldre er med.



Guds- tenester



Konfirmantane skal vere på minst 8 gudstenester (inkludert dei obligatoriske gudstenestene) i løpet av konfirmasjonstida. Du får ei bok som du noterer i under gudstenesta. Du kan gå på gudstenester kvar som helst i landet. Hugs å få stempel/underskrift frå klokkar/prest, og ta godt vare på boka di.

PRESENTASJONS GUDSTENESTER

Konfirmantane vert presenterte for sin kyrkjelyd på ei gudsteneste.

Denne gudstenesta er obligatorisk for alle!

Førde kyrkje: 28. august

Fusk: kl. 11:00, Halbrend: kl. 13:00

Holsen kyrkje:

25. september kl. 11:00

Haukedalen kyrkje:

29. september kl. 19:00

LYSMESSE DESEMBER

Dette er ei stemningsfull gudsteneste der konfirmantane deltek i heile gudstenesta.

Denne gudstenesta er obligatorisk for alle.

Haukedalen kyrkje:

4. desember kl. 11:00

Holsen kyrkje: 4. desember kl. 14:00

Førde kyrkje:

7. desember kl. 18:00 - Fusk

8. desember kl. 18:00 - Halbrend

TEMAGUDSTENESTE APRIL

Dette er ei gudsteneste der Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon står i fokus, og konfirmantane inviterer foreldre, fadrar, kyrkjelyden og andre til å vere med å få ein «smakebit» på kva dei har vore igjennom i konfirmantåret.

Denne gudstenesta er obligatorisk for alle Førde-konfirmantane.

Fusk: 15. mars kl. 18:00

Halbrend: 16. mars kl. 18:00

TENESTEOPPGÅVER

Gjennom å delta i ei gudsteneste vil konfirmantane sjølv erfare at dei er ein del av kyrkjelyden. Difor er alle konfirmantane med og deltek på ei gudsteneste i løpet av konfirmanttida. Dersom du ynskjer å syngje, eller spele eit instrument, må du gjerne melde frå om det i påmeldinga.

Konfirmant grupper



Konfirmantane må velje ei gruppe ut i frå interesse. På dei fleste gruppene har vi eit maks tal konfirmantar. Det vil seie at ikkje alle konfirmantane kan få fyrste ynsket sitt. De må difor sette opp tre ynskje i *prioritert* rekkefølge. Om ein ynskjer det, kan ein sette opp 1-2 personar ein ynskjer å kome på gruppe med.

A: DECIDING KONFIRMANT

Deciding er Førde si Ten Sing gruppe. Dei har medlemmer frå 8. klasse og opp til 3. vgs. Dei øver kvar tysdag. I Deciding driv ein hovudsakeleg med kor, men det er og dans, drama, multimedia og teknikk. Deciding har eigne turar og konsertar. Som Deciding-konfirmant vert ein med på alle øvingane og konsertane i skuleåret

B: GAMING KONFIRMANT

Gamingkonfirmant møtast på Sunnfjord gaming 4 gonger i løpet av konfirmantåret. Her vert det gaming og litt fysisk aktivitet. Her kan det vere både gutar og jenter. Grappa er eit samarbeid mellom Sogn og Fjordane KFUK-KFUM, Sunnfjord gaming og kyrkja.

Maks tal konfirmantar: 14

C: GAMING KONFIRMANT-JENTE

Gamingkonfirmant møtast på Sunnfjord gaming 4 gonger i løpet av konfirmantåret. Her vert det gaming og litt fysisk aktivitet. Grappa vil bestå av berre jenter. Grappa er eit samarbeid mellom Sogn og Fjordane KFUK-KFUM, Sunnfjord gaming og kyrkja.

Maks tal konfirmantar: 14

D: KREATIV KONFIRMANT

Kreativ konfirmant er ei gruppe for deg som liker å lage ting, og å vere kreativ. Det kan t.d vere leire, strikking, teikning, foto og mykje anna. Det vert 4 «kreativsamlingar» på Førde Kyrkjetun.

Maks tal konfirmantar: 20



Konfirmant grupper



Om du ynskjer å reise på leir, er det tre alternativ å velje mellom:

E: HAUSTTREFF

30. SEPTEMBER – 2. OKTOBER

Haustrreff er ein leir i regi av Sogn og Fjordane KFUK-KFUM for 13 – 19 åringar frå Sogn og Fjordane.

Her vert det musikk, kor, band, friluft og aktivitet. Det blir leir, moro og konkurransar inne og ute heile helga.

(NB! Dette er ikkje den same turen til Nesholmen som alle konfirmantane skal på i september.)

Maks tal konfirmantar: 25

F: SMSLEIR 17.-19. MARS

Smsleir er ein leir i regi av NMSU på Alværa misjonscenter i Lavik. På leiren vert det aktivitetar inne og ute som t.d. uteleik, hobbyaktivitetar, leirkveld mm.

Maks tal konfirmantar: 35

G: SKILEIR FEBRUAR-23

Skileir er ein leir i Blomlia skisenter. Det vert ei overnatting ute i lavvo, eller inne i Skyttarhuset. Mykje av leiren skjer i skibakken, men det vil og vere mogleg med inneaktivitetar t.d. på verkstaden til gocartane. Det vert opplegg med turlaget, Røde kors, Blomlia skisenter med fleire. Dato og fleire detaljar kjem.



Økonomi



Konfirmantåret kostar ulikt ut i frå kva gruppe du vel. Turen til Nesholmen i september, konfirmantfestival, mat på nokre av samlingane og leige av konfirmantkappe er likt for alle gruppene. Om nokon treng økonomisk støtte, bed vi deg ta kontakt med ansvarleg for konfirmantåret. Vi har av og til konfirmantar frå andre kyrkjesamfunn som deltek i deler av, eller heile konfirmantåret. Ta kontakt for praktiske og økonomiske avklaringar.

A : DECIDING KONFIRMANT

Pris: 2200,- dekker og medlemsskap i Deciding (1150,- og medlemsskap i KFUK-KFUM 300,-)

B : GAMING KONFIRMANT

Pris: 1900,- dekker og utgifter til aktivitetane

C : GAMING KONFIRMANT- JENTE

Pris: 1900,- dekker og utgifter til aktivitetane

D: KREATIV KONFIRMANT

Pris: 1200,- dekker og materiell til aktivitetane.

E: HAUSTTREFF KONFIRMANT

Pris: 2200,- dekker og reise + leiropphald

F: SMSLEIR KONFIRMANT

Pris: 2300,- dekker og reise + leiropphald

H: SKILEIR KONFIRMANT

Pris: 2000,- dekker og leiropphald og heiskort



Foreldre/ føresette



For å gjennomføre konfirmantåret er vi avhengige av foreldre/føresette. De får derfor to oppgaver som vi trenger dykkar hjelp til.

Set opp **tre** ynskje i prioritert rekkefølge i påmeldingsskjema. (Du får berre to oppgaver å utføre.)

Om nokon har særskilde behov når det gjeld foreldreoppgåvene, må de skrive det inn i kommentarfeltet i påmeldinga.

1: VERE MED PÅ LEIR

For at vi skal kunne gjennomføre leir er vi avhengige av at nokre foreldre kan vere med som medhjelpar (heile eller deler av leiren).

2: VERE MED PÅ TUR TIL NESHOLMEN 17.-18. SEPTEMBER

Vi trenger foreldre som kan vere med bussane ut til Nesholmen og hjelpe til med ulike praktiske oppgaver der ute. Om det er nokon som kan køyre buss til Nesholmen ein av dagane (tilsett i Firda billag), er det flott! Meld evt. frå om det i påmeldinga.

3: VAKT PÅ KONFIRMANTFESTIVALEN 29. OKTOBER

Vi trenger foreldre som kan vere vakt på konfirmantfestivalen i Gaularhallen i oktober. Vi trenger nokre foreldre som kan ha eit ekstra ansvar inn mot dei ulike konfirmantgruppene, og vi trenger foreldre til praktiske oppgaver.

4: KØYRING TIL FASTEAKSJONEN 28. MARS

Vi trenger mange sjåførar denne dagen som kan køyre konfirmantane til dei ulike stadene dei skal samle inn pengar.





5: HJELP PÅ SAMAN-DAG ELLER AKSJONSHELG

Vi treng foreldre som kan hjelpe til med praktiske oppgaver samanhelga eller aksjonshelga. Det kan vere å hjelpe til med å lage mat, vere tilgjengeleg for konfirmantane i pausane osv. Fint om de skriv i kommentarfeltet kva for dag som passar best for dykk.

I tillegg til desse, kjem vi til å spørja dykk i løpet av året om å bake ca. 30 bollar anten til Nesholmen-turen i oktober, eller til fasteaksjonen i april.

Når konfirmanten har tenesteoppgåve på gudsteneste, spør vi foreldra om å bidra på kyrkjekaffien.

På førehand: Takk for hjelpa!

6: PRAKTISK HJELP PÅ KONFIRMASJONSDAGEN

Vi treng foreldre som kan vere med og hjelpe til med konfirmantkappene og gåveposane på Førde kyrkjetun ein av konfirmasjonsdagane ein sjølv ikkje har konfirmant.

Påmelding til konfirmant året



Vi ønskjer at de melder dykk på konfirmantåret elektronisk. Om nokon har vanskar med det, bed vi dykk ta kontakt med kyrkjekontoret for hjelp eller manuell påmelding.

PÅMELDING STEG FOR STEG:

1. Gå inn på minkirkeside.no/Sunnfjord
2. Registrer mobilnummer anten til konfirmant eller forelder. Då får du tilsendt ein kode du må bruke for å logge inn og starte registreringa.
3. Trykk på registrer ny konfirmant.
4. Vel sokn. (Førde, eller Holsen og Haukedalen)
5. Fyll ut skjemaet. Det er lurt at konfirmant og forelder fyller ut skjema saman, Det er viktig at du fyller ut all etterspurt informasjon. Bruk kommentarfeltet om du har tilleggsinformasjon. Sjekk at e-post er stava riktig. (Om du har ein annan e-postkonto enn hotmail, bruk gjerne den andre då vi har utfordringar med å nå fram med e-postar til hotmail-kontoar.)
6. Trykk send inn.
7. Du er no påmeldt til konfirmantåret. Du får automatisk tilsendt ein e-post som syner påmeldinga di.

KONFIRMANTSAMTALE

Etter at du har meldt deg på konfirmantåret, må du kome på konfirmantsamtale i mai/juni på Førde kyrkjetun. Om dag/tid ikkje passar, kan du byte til ein av dei andre klassane.

- | | |
|---------------------------|------------------|
| 30. mai kl 16:30 8A Fusk, | kl 18:00 8B Fusk |
| 31. mai kl 16:30 8C Fusk, | kl 18:00 8D Fusk |
| 1. juni kl 16:30 8A Husk, | kl 18:00 8B Husk |
| 2. juni kl 16:30 8C Husk, | kl 18:00 8D Husk |





30. april kl. 10:00 9A Fusk

30. april kl. 12:00 9B Fusk

7. mai kl. 10:00 9C Fusk

7. mai kl. 12:00 9D Fusk

13. mai kl. 10:00 9A Husk

13. mai kl. 12: 00 9B Husk

21. mai kl. 10:00 9C Husk

21. mai kl. 12:00 9D Husk

14. mai kl. 11:00 Holsen

28. mai kl. 11:00 Haukedalen

Kontakt oss:

Heimeside: kyrkja.no/forde

E-post: post.forde@sunnfjordkyrkja.no

eller heidi.styve@sunnfjordkyrkja.no

Tlf: 57 82 81 80

Konfirmantansvarleg: Heidi Voltersvik Styve

